




REGLEMENT FOR SOLUND KOMMUNESTYRE

Vedteke i Solund kommunestyre 18. mars 2021 i K-sak 010/21



Solund kommune



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

§ 1. Val og samansetting

Kommunestyret er samansett av 15 representantar med vararepresentantar, valde av dei røysteføre innbyggjarane i kommunen.

Valet gjeld for den kommunale valperioden. Opprykk og nyval skjer etter reglane i kommunelova § 7-10.

§ 2. Ansvars- og arbeidsområde

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og gjer vedtak på kommunen sine vegne, så langt ikkje anna fylgjer av lov eller vedtak om delegering til anna organ.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemnd. Kommunestyret kan krevje at ei kvar sak skal leggjast fram til orientering eller avgjerd etter kommunelova § 22-1.

Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, dersom det folkevalde organet eller administrasjonen sjølv kunne gjort om vedtaket etter reglane i forvaltningsloven kapittel 6, og særleg § 35.

Kommunestyret som kollektivt organ har det øvste arbeidsgjevaransvaret for kommunen. Administrasjonssjefen har det daglege arbeidsgjevaransvaret for alle kommunalt tilsette etter kommunelova § 13-1, 7. ledd.

Forutan dei gjeremål som er lagt til kommunen i kommunelova og anna lovgjeving, kan kommunestyret ta opp gjeremål etter eige ynskje i den grad det ikkje er i strid med lover eller overordna regleverk.

Kommunestyret kan utføre gjeremåla sjølv eller overlate det til andre organ etter reglar i lov eller delegasjonsvedtak.

§ 3. Prinsippet om møtebehandling og grunngjeving av vedtak

Kommunestyret handsamar saker og fattar vedtak i møte. Prinsippet om handsaming i møte kan berre fråvikast når ein nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 11-8, 2. ledd.

Vedtaka skal vere så godt grunngjevne at dei fyller krava i forvaltningsloven § 25.

§ 4. Innstilling til kommunestyre

Formannskapet gjev innstilling i saker som skal handsamast av kommunestyret, med unntak av saker som kjem frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjev innstilling i saker innanfor deira ansvarsområde, sjå reglement for Solund kontrollutval.



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

§ 5. Deltaking for andre i møte

Administrasjonssjefen, eller representant for denne, deltek i kommunestyremøte med tale- og forslagsrett.

Administrasjonssjefen kan gje andre rett til å gje opplysningar eller svare på spørsmål på sine vegne i enkelte saker.

Utsendingar frå korporasjonar eller grupper som vil møte for kommunestyret og uttale seg om ei sak skal melde frå om dette til ordføraren seinast dagen før møte tek til. Kommunestyret tek avgjersle om utsendingane skal takast i mot.

§ 6. Saksførebuing

Administrasjonssjefen skal sjå til at dei sakene som skal opp i kommunestyret er førebudd på forsvarleg måte. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

§ 7. Innkalling til møte

Ordføraren kallar kommunestyret saman til møte i samsvar med vedteken møteplan, eller når ordførar eller minst 1/3 av representantane krev det.

Kommunestyret vert kalla inn til møte etter reglane i kommunestyrelova § 11-3. Innkallinga skal innehalde ei liste over dei sakane som skal handsamast og dokumenta i sakene.

Innkalling med saksdokument skal sendast ut seinast 1 veke før møte.

Innkallinga vert sendt til 1. vararepresentant innanfor kvar gruppe. Vararepresentantar som skal møte skal få innkalling tilsendt så snart som mogleg. Vararepresentantar møter berre etter særskilt innkalling

§ 8. Møteplikt

Representantane i kommunestyret har plikt til å møte i kommunestyremøte.

Dersom ein representant har gyldig forfall, skal vedkommande snarast mogeleg gje melding til ordførar og administrasjonen, og nemna forfallsgrunnen.

Lyt nokon med lovleg forfall gå frå møtet før det er slutt, skal han straks seie frå til møteleiar.

Er vararepresentant til stades eller kan vararepresentant kallast inn innanfor eit rimeleg tidsrom, skal vararepresentant kome i staden for den som lyt gå frå.

Ein representant kan ikkje forlate møtet under ei sak som er påbyrja. Representanten må delta under heile handsaminga av saka, inkludert avstemminga.

Ein representant kan ikkje delta i ei sak der handsaminga har teke til før representanten kom til.



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

§ 9. Ope eller lukka møte

Møta i kommunestyre er halde for opne dører dersom ikkje anna følgjer av kommunelova § 11-5.

Blir det vedteke å handsame ei sak for stengde dører har kommunestyret sine representantar og dei kommunalt tilsette som måtte vere til stades teieplikt om forhandlingane. Kommunestyret kan vedta unntak frå teieplikta.

§ 10. Fjernmøte

Kommunestyremøte kan haldast som fjernmøte etter reglane i kommunelova § 11-7.

Eit møte kan ikkje gjennomførast som fjernmøte om 1/3 av representantane set seg mot det.

Lukka møta etter kommunelova § 11-5 kan ikkje haldast som fjernmøte.

§ 11. Protokollføring

Administrasjonssjefen syter for at det vert ført protokoll for møta i kommunestyret etter reglane i kommunelova § 11-4.

§ 12. Saksgangen i møte

Ordførar leiar møtet. Når ordførar ikkje deltek i møtet leiar varaordførar møtet. Når ingen av dei deltek i møte vert det vald møteleiar med fleirtalsval.

På den tid som er fastsett gjennomfører møteleiar opprop av representantane i kommunestyret. Er det lovlege minstetalet (8) til stades etter kommunelova § 11-9, 1. ledd, vert møtet sett.

Frå no og til møtet sluttar kan ingen av dei som høyrer til kommunestyret, forlate salen utan å melde frå til møteleiaren først.

Dei som kjem etter oppropet skal melda seg til møteleiar før dei tek sete.

Protokollen frå førre møte skal godkjennast før ein tek til på sakslista

Møteleiar skal lese opp det som saka er kalla i innkallinga.

Dei sakene som er nemnde i innkallinga vert tekne opp til handsaming i den rekkefylgje dei står oppført på saklista, dersom kommunestyret ikkje vedtek noko anna.

Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal vedta å utsette realitetshandsaming av ei sak på saklista.

Kommunestyret kan treffe vedtak i sak som ikkje er oppført på saklista, med mindre møteleiar eller 1/3 av dei møtande representantane set seg mot det.



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

Møteleiar greier ut om dei einskilde sakene så langt vedkommande synest det trengst.

Spørsmål om gildskap vert handsama i tilknyting til den enkelte saka.

Møteleiar spør så om nokon vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekkefylgje dei bed om det. Bed to eller fleire om ordet på same tid, fastset møteleiar rekkefylgje mellom dei.

Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

§ 13. Om innlegg i ordskifte

Talaren skal retta sine ord til møteleiar, ikkje til møtelyden. Talaren skal halda seg nøyne til saka eller til den delen av saka som ordskiftet gjeld; møteleiar skal sjå til at det vert gjort.

Det må ikkje seiast noko som er ei krenking mot møtelyden, mot nokon som er med i kommunestyret, eller mot andre. Heller ikkje må nokon lage ståk eller uro til teikn at vedkommande likar eller ikkje likar noko.

Bryt nokon ordensføresegnsene i reglementet vert det gjeve to åtvaringar frå møteleiar.

Om representanten fortsatt ikkje rettar seg etter reglementet kan møteleiar taka ordet frå representanten. Kommunestyret kan då også røyste over spørsmålet om representanten skal stengjast ute frå resten av møte.

§ 14. Møteleiar sin stilling i debatten

Møteleiar må ikkje avbryte nokon som har ordet, med mindre det skjer for å oppretthalde føringar vedteke i reglement, eller for å rette på mistydingar frå talar si side.

Vil møteleiar delta i ordskiftet med meir enn den utgreiinga som er nemnd i § 11, 10.ledd, og det ikkje gjeld reint korte innlegg, skal nokon andre ta over møtestyringa.

§ 15 . Avgrensing og avslutning av debatten

Før drøftinga i ei sak har teke til, og under sjølv ordskiftet, kan møteleiar eller kommunestyret med alminneleg fleirtal vedta at taletida skal avgrensast til eit bestemt tal minutt for kvart innlegg. Unnateke frå dette er administrasjonssjefen, møteleiar og eventuell saksordførar.

Møteleiar eller kommunestyret med alminnelig fleirtal kan vedta å slutte ordskiftet om ei sak.

§ 16. Framlegg

Berre dei som er med i kommunestyret, administrasjonssjefen eller den som møter for administrasjonssjefen kan gjere framlegg, når ikkje anna følger av lov.

Framlegget skal fremjast munnleg og leverast skriftleg til møteleiar. Det skal gå klart frem av framlegget kven som kjem med det.



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

Om ein representant kjem med framlegg til vedtak, vert det uttrykt i møteboka at det er eit framlegg frå den representanten.

Vert framlegget uttrykt slik at "på vegne av partiet X legg eg fram fylgjande framlegg til vedtak", skal fylgjande komme fram i protokollen: Framlegg til vedtak frå parti X v/n.n."

§ 17. Avrøysting

Når ordskiftet er slutt, seier møteleiar frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjord, må det ikkje vera meir ordskifte om saka, eller gjerast nye framlegg. Heller ikkje er det høve til å taka opp noka anna sak i denne tida.

Rett til å røysta har berre representantar som er med i kommunestyret og som er i salen på den tida saka vert teken opp til røysting.

Dei representantane som er med i møte pliktar å røyste og kan ikkje gå ut av salen før røystinga er slutt. Ved val kan det røystast blankt etter kommunelova § 8-1, 2. ledd.

Dersom det skal røystas over fleire framlegg skal møteleiar kome med framlegg om rekkefylgja av røystinga. Vert det ordskifte om dette, skal møteleiar nøye sjå til at talarane berre held seg til spørsmålet om stemmegjevnaden. Kommunestyret avgjer rekkefylgja i stemmegjevnaden med alminneleg fleirtal.

§ 18. Prøverøysting

Ein representant kan krevje at det vert gjennomført prøverøysting før kommunestyret røyster endeleg i ein sak. Prøverøystinga er ikkje bindanden, men resultatet skal protokollførast.

§ 19. Røystemåte

Avrøysting skal gjennomførast på ein av fylgjande måtar:

- Ved stillteiande godkjenning. Når ikkje nokon uttalar seg mot eit framlegg som møteleiar set fram med spørsmål om nokon har merknad.
- Ved stemmeteikn. Når møteleiar oppmodar representantane som er mot eit framlegg til å gje stemmeteikn.

Når ein representant krev det skal det haldast kontra prøve ved at dei som røystar for framlegget gjev stemmeteikn.

Ved likt tal røyster er møteleiar si røyst avgjerande i andre saker enn dei som gjeld val. Ved likt røystetal under val vert saka avgjort ved loddtrekning etter kommunelova § 7-8.



Solund kommune

Reglement for Solund kommunestyre

§ 20. Ugildskap

Den som etter kommunelova § 11-10 er ugild i ei sak, eller som etter § 11-11 vert friteken, skal ikkje vere med å drøfta eller ta avgjerd i saka.

Spørsmål om ugildskap vert teke opp før ordskiftet startar.

§ 21. Saksordførar

Kommunestyret utpeiker saksordførar for dei saker som ein finn det ynskjeleg.

Saksordførar skal setje seg spesielt godt inn i saka og skal gjere greie for saka i kommunestyret.

§ 22. Førespurnadar

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan representantane i kommunestyret kome med førespurnader, retta til ordføraren.

Dersom skriftleg førespurnad er levert seinast 4 dagar før møte tek til, pliktar ordføraren å kome med svar i møtet.

§ 23. Lovlegkontroll

Tre eller fleire representantar av kommunestyret kan saman bringe ei avgjersle fatta av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet (Statsforvaltaren) til kontroll av om avgjersla er lovleg etter reglane i kommuneloven kapittel 27.

Det er berre endelege vedtak, vedtak om at møte skal holdast for opne eller lukka dørar og vedtak om gildsak som kan kontrollerast. Andre prosessavgjersle, vedtak om tilsetting, oppseiling eller avskjed og spørsmål om eit vedtak er i strid med lov om offentlege anskaffingar, kan ikkje vere gjenstand for lovlegkontroll.

Fristen for å fremje krav om lovlegkontroll er 3 veker.